



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge-ID: 296484
Søknadsfrist: 15.03.2026
Nettside: <http://www.hvl.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Trainee

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 900 tilsette og 16 500 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Avdeling for HR har tilsette ved alle dei fem campusane. Avdelinga skal arbeida tett opp mot fakulteta og fellesadministrasjonen sine behov. Vidare skal leiarane støttast i utøving av arbeidsgjevaransvaret og i strategisk utviklingsarbeid innan HR-området. Avdeling for HR skal sørge for at HVL har gode system for forvaltning, og felles retningslinjer for ivaretaking av god personalpolitikk. Tenestene skal utviklast slik at tilsette og leiarane opplever HVL som ein attraktiv, trygg og utviklande arbeidsgjevar.

Har du nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en og interesse for personalarbeid?

Høgskulen på Vestlandet har ledig stilling som seniorkonsulent som del av Traineeprogrammet i staten

Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for HR, har ledig stilling som seniorkonsulent som del av Traineeprogrammet i staten

Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for HR, har ledig ei stilling som seniorkonsulent innan HR-rekruttering med arbeidstad ved campus Bergen. Stilling er ei 100 % stilling, men denne kan justerast ved eventuelle tilretteleggingsbehov, og det kan vere aktuelt å dele opp stillinga og tilsette i mindre stillingsprosentar for dei rette kandidatane.

Stillinga er ledig for snarleg tilsetjing og har ei varighet på to år.

Traineestillinga er del av [traineeprogrammet](#) i staten, og skal gi personar med nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en relevant arbeidserfaring. Etter gjennomført program kan stillinga gjerast om til fast stilling, utan at denne må lysast ut på nytt. Som tilsett vil du få ekstra opplæring, mentor og eventuell tilrettelegging på arbeidsplassen. Det er berre personar med nedsett funksjonsevne* og/eller hol i CV-en** som kan søkje på stillinga.

Avdeling for HR er eininga som tek hand om HR-rekrutteringsarbeidet for heile høgskulen. Arbeidsoppgåvene for stillingane er å bidra under utarbeiding av kravspesifikasjonar for stillingar, utarbeiding av utlysingstekstar, oppfølging av søkjarar, administrasjon av, og deltaking under intervju, sakshandsaming, kvalitetssikring og utarbeiding av tilbod om stilling. Det vil også ligge andre personaladministrative oppgåver til stillingane, som å følgje opp ulike førespurnadar frå leiarar, tilsette, søkjarar og tillitsvalte på arbeidsfeltet.

Det er om lag 15 årsverk knytt til HR-rekrutteringsarbeidet ved høgskulen, slik at den som vert tilsett kjem inn i eit etablert fagmiljø med høg kompetanse og eit utstrekt og nært samarbeid om utføringa av arbeidsoppgåvene.

*Med søkjar med nedsett funksjonsevne meinast ein søkjar som oppgjer å ha ein reduksjon i funksjonsevna som vil krevje tilrettelegging på arbeidsplassen eller i arbeidsforholdet.

Konkret vert det føresett at den nedsette funksjonsevna ikkje er forbigående og/eller er bagatellmessige forhold som ikkje påverkar funksjonen i nemneverdig grad.

**For å bli rekna inn under definisjonen hol i CV-en må ein ha vore ute av arbeidslivet til saman to av dei siste fem åra. Frivillige opphald reknast ikkje som hol i CV-en. Opphaldet må anten skuldast slikt som sjukdom, rus eller soning, eller så må ein ha vore aktiv arbeidssøklar utan å få jobb.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

- Personaladministrative oppgåver med særleg vekt på handsaming av rekrutteringssaker, til dømes deltaking i intervju

- Generell sakshandsaming
- Leiarstøtte innan HR og bidra til kvalitetssikring i det daglege arbeidet

Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

- Relevant høgare utdanning på minimum bachelornivå
- God kjennskap til administrative datasystem og generelt god IKT-kompetanse
- Gode skriftlege og munnlege språkkunnskapar innan nynorsk, bokmål og engelsk
- For å bli vurdert til stillinga, må du stadfeste at du er i målgruppa ved å krysse av for nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en

Det er ønskeleg med:

- Relevant erfaring frå sakshandsaming i offentleg sektor, gjerne UH-sektoren
- Administrativ erfaring og kompetanse innan HR, og gjerne erfaring med rekruttering

Personlege eigenskapar:

- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Evne til å ta initiativ, jobbe sjølvstendig og i team
- Stor arbeidskapasitet og god serviceinnstilling
- Fleksibilitet og fagleg engasjement
- Systematisk og oppteken av kvalitet
- Evne til å sjå heilskapen så vel som detaljar

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som seniorkonsulent er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1363 - seniorkonsulent.

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, som attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Dersom vedlegga overskrider 50 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggast ved som lenkje.

Søkjarar med utanlandsk utdanning må i tillegg dokumentere at utdanninga samsvarar med norsk bachelor-, master-eller ph.d.-grad. [Sjå www.hkdir.no](http://www.hkdir.no) for meir informasjon om vurdering av høgare utdanning.

HK-dir tilbyr automatisk godkjenning for enkelte gradar frå utvalde land. Dersom utdanninga til søkjaren er dekkja av ordninga med automatisk godkjenning, vil det vere tilstrekkeleg å leggje ved dokumentasjon på dette. [Du kan lese meir om ordninga med automatisk godkjenning her.](#)

Vi gjer merksam på at søknad om vurdering gjennom den ordinære godkjenningsordninga til HK-dir kan ta tid. Du bør difor sende søknad om godkjenning så raskt som mogeleg når du veit at du vil søkje på stillinga. Dersom du ikkje har fått svar frå HK-dir innan søknadsfristen, legg du ved dokumentasjon frå HK-dir om at dei har motteke søknaden din.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkjarlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkjarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønske ikkje vert teke til følgje.

Arbeids- og opphaldsløyve i Norge er ein føresetnad for å tiltre stillinga.

Høgskulen på Vestlandet er underlagt eksportkontrollforskriften. Forskrifta kan komme til bruk i behandlinga av søknadane.

Vi tek atterhald om at stillinga si plassering i organisasjonen kan bli endra som følgje av ev. justeringar i HVL si interne organisering.

Inkludere, utfordre og samhandle

[Les meir på våre heimesider.](#)

Tilleggsinformasjon

Kontaktperson:

Elisabet Veland, Fungerande nestleiar HR-rekruttering

Telefon: +47 55 58 75 09 | E-post: elisabet.veland@hvl.no

Arbeidsstad:

Inndalsveien 28 5063 Bergen (Bergen Kommune)